



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk etat
Byggjesaksavdelinga
5914 Isdalstø

ARKIV

Hindenes Hus AS

5913 EIKANGERVÅG

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:

99/01025- 5

Fridtjof Fosse

56 35 66 15

214/052

04.08.99

157/99 Delegert sak handsama av bygningsssjefen

REVIDERTE TEIKNINGAR FOR BUSTAD – NYBYGG RUNE SALOMONSEN - GNR 214, BNR 052, 080 - FYLLINGSNES

Dokument:

Reviderte teikningar mottatt 24.06.99
Søknad om ansvarsrett datert 25.05.99
Brev frå Kålås & Sønn AS datert 22.05.99
Brev frå Kålås & Sønn AS datert 02.06.99

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld godkjenning av reviderte teikningar for frittstående bustadhus som vart godkjent i delegert sak 135/98 datert 17.06.98, før siste revisjon av plan- og bygningslova og forskriftene til denne. Etter bygningsssjefen si vurdering er endringane ikkje så store at det treng gjevast nytt nabovarsel. Storleik, takvinkel, høgd og plassering vert som før. Hindenes Hus AS har overtatt byggjeprojektet og Kurt Martinsen har overtatt som ansvarshavande for heile byggjearbeidet. Kålås & Sønn AS har sagt frå seg byggjeprojektet og Oddbjørn Hindenes hos Kålås & Sønn AS har sagt frå seg funksjonen som ansvarshavande for dette byggjearbeidet.

Vedtak:

Bygningsssjefen godkjenner dei reviderte teikningane på følgjande vilkår:


Vilkåra i sak 135/98 skal følgjast opp.

Bygningsssjefen godkjenner Kurt Martinsen som ansvarshavande for heile byggjearbeidet (PBL § 98)

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Rådhuset	56 35 65 00	56 35 65 01	0805 5787809
				Organisasjonsnr. 935 084 733

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagte orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for bygningssjefen


Fridtjof Fosse
sakshandsamar

Kopi til: Rune Salomonsen, Kvernabekkvei 41, 5047 Fana

Kommune

LINDÅS

4357/
/98-Utgående**Byggjeløyve**

etter plan- og bygningslova av 14 juni 1985, § 93

Meldar (namn, adresse)

KÅLÅS OG SØNN BYGGEVAREHANDEL A/S
SAUVÅGEN

5164 HJELMÅS

Byggherre (namn, adresse)

RUNE SALOMONSEN
KVERNABEKKVEI 41

5047 FANA

Byggjeløyve er gitt for

Eigedom/byggjestad

Gnr.

Bnr.

Festenr.

Seksjonsnr.

FYLLINGSNES

214

052,080

Spesifikasjon

Dato for søknad

Kva slag arbeid

Kva slag bygg

4/12-97

NYBYGG

BUSTAD

Behandling/vedtak

BYGNINGSSJEFEN

Vedtaks dato

Saksnr.

17/6-98

135/98

Merknader

- Byggjeløyvet fell bort dersom arbeidet ikkje er sett igang innan 3 år. Det same gjeld dersom arbeidet stoggar i lengre tid enn 2 år, jfr. pbl. § 96.
- Bygningen eller del av den må ikkje takast i bruk utan at ferdigattest eller mellombels bruksløyve er gitt.
- Bygningen eller del av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det føresetnaden for bruksløyvet er, jfr. pbl. § 93.
- Det kan førast kontroll med byggjearbeidet, jfr. pbl. § 97.
- Skifte av eigar eller byggherre før arbeidet er fullført skal straks meldast til bygningsrådet, jfr. pbl. § 97.

Vilkår

Høve til å klage - sjå baksida

Underskrift

Stad

Knarvik

Stempel/underskrift

Dato

09.10.98

Teknisk etat

Tlf./56 35/05 55 / Fax.: 56 35 28 00

5700 ISDALSTØ

Kopi sendt til

<input checked="" type="checkbox"/>	ansvars- havande	Namn Oddbjørn Hindenes	Adresse Kålås & Sønn AS 5164 HJELMÅS
<input type="checkbox"/>	andre	Namn	Adresse
		Namn	Adresse
		Namn	Adresse



LINDÅS KOMMUNE
AVDELING FOR VATN OG AVLØP

Lindås Rør og Sanitær AS

Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

ARKIV

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:

06/00212-2

Kari Elisabeth Io

56 37 56 77

214/052

1/25/2006

**SØKNAD OM TILKOPLING TIL KOMMUNAL VASSLEIDNING - EKS.
BUSTADHUS.**

RUNE SALOMONSEN - GNR.214 BNR.52 - FYLLINGSNES.

Vi viser til søknad av 16.12.05.

Type bygg : Eksisterande bustadhus.
Type arbeid : Tilkopling til komm.vassleidning.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

NB! Erklæring for godkjenning av eksisterande sanitæranlegg må sendast inn.

Arbeidet skal utførast i samsvar med "Normalreglementet".
Det skal varslast for kontroll, trykkprøving og innmåling av ledningsnett.
Eigenkontrollskjema skal førast av rørleggjar, og sendast VA-avdelinga straks
arbeidet er avslutta.

Rekning for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til byggherren, og ein gjer merksam på at
arbeidet ikkje må ta til før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før
oppstart.

for avdelingssjefen

Kari Elisabeth Io
saksbehandlar

Kopi til:
Rune Salomonsen Fyllingsnes,5913 EIKANGERVÅG

Postadresse
Kvernhusmyrane 41,
5914 Isdalstø

Besøksadresse
Lindås rådhus

Telefon
56 37 50 00

Telefaks
56 37 50 01

Konto
7413 05 01005

Organisasjonsnr.
935 084 733



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55
TELEFAX 56 35 28 00

ARKIV

Salomonsen Rune
Kvernabekkevei 41

5047 FANA

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 17.06.98

FF0/97/5977/214/052/001

**SAK 135/98 BYGGESAK - BUSTAD - NYBYGG
SALOMONSEN RUNE - GNR.214 BNR.052,080 - FYLLINGSNES**

Saka er handsama av bygnings sjefen etter fullmakt frå rådmannen.

Dokument:

Søknad om byggjeløyve datert 04.12.97

situasjonsplan M=1:1000 (1:5000 oppfotografert), M=1:5000

teikningar M=1:100, M=1:50 mottatt 05.12.97

kvittering for mottatt nabovarsel

Søknad om ansvarsrett datert 26.11.97 mottatt 05.12.97

Søknad om utvida bruk av kommuneveg datert 11.03.98 mottatt 30.03.98

Søknad om utsleppsløyve datert 11.03.98 mottatt 30.03.98

Byggbeskrivelse for Mesterhus 1997

Fråsegn frå helseavdelinga datert 16.04.98

Notat frå VAR-avdelinga datert 18.03.98

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld riving av noverande hytte og oppføring av frittstående einebustad i 2 høgder på 91,6 m² brutto grunnflate på same stad på tomta. Bruksarealet utgjer 143,3 m².

Det er søkt om utslepp til sjø via slamavskiljar. Helseavdelinga har følgjande merknad til søknaden: "Utsleppet skal først ut til sjø under 10 m v/lavvann."

Tomta ligg i hovedplan avløp innafor eit reinsedistrikt utan opparbeidd kommunalt eller privat hovedavløpssystem.

Krav til avløpsløyving er difor anten tilknytning til eksisterande fellesanlegg eller til nytt fellesanlegg der avlaupet går via slamavskiljar til sjø.

Eit nytt fellesanlegg har ein potensiell saneringseffekt for noverande utslepp i området. VAR-avdelinga vurderer dette som den beste løysinga og har med heimel i godkjend hovedplan avløp godkjend etablering av eit slikt fellesutslepp på følgjande vilkår i notat datert 18.03.98:

"Godkjend røyrleggjarfima skal senda inn søknad om etablering av anlegget, utføra anlegget og senda inn dokumentasjon på det etablerte anlegget (plassering, tilknytte, evt. endringar i planmatriellet osv.) Anlegget skal utførast etter "Normalreglementet for sanitæranlegg".

Frå framtidig bustad skal avløpet først til godkjend slamavskiljar for den aktuelle bustaden og vidare i neddykka sjøleidning til utslepp på minst kote -25. Det er her ein føresetnad at det ikkje er grunnare terskelområde mellom

utsleppstaden og Osterfjordbassenget. Det er også ein føresetnad at eigarane av det nærliggjande oppdrettsanlegget får tilsendt saka til uttale.

Ettersom det skal vera eit fellesutslepp for området, skal det i byggefasen etablerast leidning frå utsleppsleidningen opp forbi slamavskiljaren, langs huset og til tilknytingskum på naturleg stad i tomtegrensa mot eigedomane ovanfor.

Utsleppsleidningen skal ha dimensjon \emptyset 110 mm og førast ut til ei djupne på 25m. Slamavskiljaren skal ha dimensjon etter Forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg. I tilkopling mellom slamavskiljar, utsleppsleidning og vidareføring på land skal det etablerast tilkomst og forankring i kum.

Føresetnaden for at VAR-avdelinga gjev løyve til etablering til dette nye fellesanlegget er at anleggseigar, så langt det er kapasitet på anlegget, ikkje hindrar andre eigarar av avløpsanlegg i området å knyte seg til fellesanlegget. Framtidig tilknytte skal også ha rett til tilkomst for drift og vedlikehald av heile fellesanlegget.

Eventuelle kompensasjonar for tilknytning skal samla sett ikkje overstiga reelle kostnader for fellesanlegget. Anleggseigar skal difor via rekneskap kunna dokumentera kostnadene med etablering av anlegget."

Vedtak:

Søknaden om byggjeløyve vert godkjend i samsvar med teikningar og utgreiingar på følgjande vilkår:

1. Bygningssjefen skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgd på topp grunnmur. (Byggeforskrifta 14:3)
2. Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløp frå kommuneveg vert godkjend og skal utførast i samsvar med dei vilkåra som er opplista i søknadsskjemaet. (Plan- og bygningslova § 66. nr.1).
3. Avløpet skal utførast som fellesanlegg i samsvar med hovudplan avløp og på vilkår som er gjeve i notat datert 18.03.98 frå kommunen si VAR-avdeling som er attgjeve i saksutgreiinga ovanfor. Planar for fellesanlegget og stikkleidning(ar) skal sendast inn til kommunen si VAR-avdeling av godkjend røyrleggjar.
4. Avløpet frå bustaden skal via ein 4 m³ 3-kamra slamavskiljar koplust til det private fellesanlegget før det vert gjeve bruksløyve for den omsøkte bustaden. Det kan eventuelt byggjast ein større felles slamavskiljar på fellesleidningen. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast av slamsugebil.
5. Ved feiing frå tak må det monterast fast stige eller trinn i taktekkinga i samsvar med forskrift om brannvern m.v. § 5-9. Ta kontakt med feiaren eller bygningskontrolløren for nærare utgreiing.
6. I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate igangsett arbeid før det er gjeve byggjeløyve eller graveløyve.

BYGGJELØYVE VERT SENDT NÅR VILKÅRA I PKT. 3 I VEDTAKET ER STETTA

Arbeidet må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

Bygningssjefen godkjenner rørleggjarmeister Birger Grevstad som ansvarshavande for privat avløpsanlegg og Oddbjørn Hindenes som ansvarshavande for heile byggjearbeidet (PBL § 98).

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagte orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).

for bygningssjefen

Fridtjof Fosse
Fridtjof Fosse
sakshandsamar

Kopi til: Oddbjørn Hindenes, Leknes, 5164 Hjelmås
Birger Grevstad, Anders O.Grevstad A/S, Vestre Torggt.18, 5015 Bergen
Fylkesmannen v/miljøvernavdelinga